



---

## Årsmelding 2011

### Vest-Telemark PPT IKS

## **1. Innleiing**

I årsmeldinga for 2011 er det bli gjort greie for drifta av PPT sett i forhold til mål og tiltak som er nedfelt i Verksemdsplan for 2011. Forhold omkring Individretta arbeid vil i tillegg bli belyst gjennom statistisk materiale som viser omfang av tilmeldingar, saker vi jobbar med og nokre fakta kring desse. Under Internt arbeid vil det bli vist korleis vi systematisk arbeider for å betre kompetanse og tenesteyting. Årsrekneskapen 2011 vil bli kommentert når det gjeld avvik og prioriterte oppgåver.

## **2. Aktuell situasjon.**

### **2.1. Generelt**

PP-tenesta i Vest-Telemark er ei interkommunal teneste for kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord og Telemark fylkeskommune/Vest-Telemark regionen.

Det er eit spreidd busetnadsmønster i Vest-Telemark, med mange og relativt små skolar og barnehagar. Distriktet har 20 barne- og ungdomsskolar, 21 barnehagar og 2 vidaregåande skolar, der ein skole er fylkeskommunal og ein er private.

PPT har sine kontor i Kviteseid. Lokala blir leigd av Vest-Telemark Næringsbygg A/S. Kviteseid kommune fører rekneskap for oss og gir oss råd med omsyn til budsjettarbeid.

### **2.2 Stillingar**

PP-tenesta i Vest-Telemark har til saman 7 fagstillingar, medrekna leiarstillinga. Kontoret har sekretær i 100 % stilling. Engasjementstilling som blei oppretta 01.08.09, pga den aukande tilmeldinga av enkeltsaker. Jan Gunnar Breivik var i stillinga i perioden 01.08.10- 31.07.11.

### **2.3 Tilsette**

Torunn Kittilsen	100 % dagleg leiar
Anne Vassend	100 % sekretær
Merete Tveitereid	100 % pp-rådgivar
Sissel Kjeldal	100 % pp-rådgivar
Antje Meinecke	100 % pp-rådgivar
Einar Søreide	100 % pp-rådgivar
Sveinung Heiberg Strand	100 % pp-rådgivar
Britt Ellen Omtveit	100 % pp-rådgivar

### **2.4 Styringsstruktur for Vest-Telemark PPT**

#### **Representantskapets medlemmar frå nov 2011:**

Solveig Abrahamsen, ordførar, Seljord kommune  
Torstein Tveito, ordførar, Kviteseid kommune  
Erik Skjervagen, ordførar, Fyresdal kommune  
Halvor Homme, ordførar, Nissedal kommune

Arne Vinje, ordfører, Vinje kommune  
Hilde Alice Vågslid, ordfører, Tokke kommune  
Solveig Nekstad Grave, Telemark fylkeskommune

#### **Styret si samansetning i 2011:**

Per Dehli, rådmann, Seljord kommune, leiar  
Kjersti Bergland, sektorsjef økonomi, Fyresdal kommune  
Ellen Marie Prag, sektorleiar, Kviteseid kommune, styremedlem, tilsetningsutval

#### **Varamedlemmar i perioden**

Sverre Sæter, rådmann, Nissedal kommune, vara for Per Dehli  
Jan Myrekrok, plan- og økonomisjef Vinje kommune, vara for Kjersti Bergland  
Torny Moripen, sektorsjef kultur og oppvekst Fyresdal kommune, vara for Ellen Marie Prag

### **3. PP-tenesta sine oppgåver**

PP-tenesta sine oppgåver er heimla i Opplæringslova.

“PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det ”(§ 5-6).

### **4. Vurdering av verksemda sett i forhold til Verksemdsplan 2011**

Opplæringslova § 5-6 blir kvart år operasjonalisert i plan for verksemda.

I verksemdsplanen er visjon og hovudmål for tenesta nedfelt.

Verksemdsplan 2011 peiker i tillegg ut tre fokusområde for PPT sitt arbeid, systemretta arbeid, individretta arbeid og internt arbeid.

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot. Hovudmål og delmål er dei måla vi sette for arbeidet. Disse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsmåla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2011. I kva grad vi har nådd måla, heng saman med korleis vi har lukkast med gjennomføringa av tiltaka. Likeeins må ein vurdere om det er dei rette tiltaka vi prioriterer

#### **4.1 Visjon og hovudmål**

**Visjon:** Ei tilpassa opplæring for alle

**Hovudmål :** Vest-Telemark PP-teneste skal bidra til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn, elevar, lærlingar og lære kandidatatar med særlege behov.

## Fokusområde: Systemretta arbeid

### Delmål 1

PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

#### Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 1

PPT skal ha faste kontaktpersonar på alle skolane i distriktet. Gjennom kontaktpersonordninga ønskjer PPT å halde nær kontakt med den enkelte skolen og medverke til at det vert etablert gode rutinar for samarbeid mellom skolane og PPT.

*Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og i "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"*

**Vurdering:** PPT fann det nødvendig å redusere møtefrekvensen hausten 2011. Dette som følgje av reduksjon i bemanninga og stor auke av enkeltsaker.

Ordninga er viktig for å oppretthalde regelmessig kontakt og godt samarbeid med skolane. Samarbeidsmøta/TPO-teammøta er gjennomførte etter plan vedtatt ved den enkelte skole. Det regelbundne samarbeidet har ført til at teammøta har utvikla seg till trygge samarbeidsfora og til at skolane har fått betre kunnskap om PP-tenesta sin rolle. PP-tenesta på si side får god kjennskap til den enkelte skole, noko som er viktig både for samarbeidet om systemsaker og for arbeidet med sakkunnig vurdering. Nokre få skoler har valt å ikkje ha eit slikt samarbeid med PPT i 2011.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov.

*Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.*

**Vurdering:** Dette området blir forsøkt ivaretatt gjennom samarbeidet kontaktpersonane har med skolane i TPO-teama, men er og tema i arbeidet rundt enkeltelevar.

I 2010 og 2011 har vi hatt fokus på ny rettleiar for spesialundervisning frå Udir, da særleg saksganen knytt til spesialundervisning før ei eventuell tilmelding til pp-tenesta.

PPT skal gjennom rådgiving bidra med kompetanse både for å forebyggje og å avhjelpe vanskar til elevar med særskilde behov.

*Eks: Tilmelde systemsaker frå skolane.*

**Vurdering:** Rådgiving og skolering i ulike tema som omhandlar læringsmiljø, strategiar i forhold til utfordrande elevar, konflikthandtering, kartlegging og opplæring i forhold til språk, lese- og skrivevanskar og matematikkvanskar, prosesseringsvanskar og læringsstrategiar er nokon av områda som er jobba med i år.

PPT er også rådgivar for Zippys venner i fleire kommunar og deltek i forhold til Zero, program mot mobbing, i ein kommune.

PPT skal i utgreiing og rådgiving knytt til enkeltsaker trekke inn og belyse korleis systemfaktorar påverkar den enkelte elev og korleis endringar i desse faktorane kan medverke til positive utvikling for eleven evt. også innanfor ordinær opplæring.

**Vurdering:** Dette er ein del av utgreiings- og rådgivingsarbeidet som vi vurderer som svært viktig

for om mulig å få til ordningar for elevane innan ordinær opplæring, men også for å kunne vurdere om det er behov for spesialundervisning for enkeltelevar.

Temaet er utfordrande både for skole og PP-teneste, då det grip inn i vande tankemønster omkring korleis ein kan legge til rette for elevar som har utfordringar i skolen.

PP-tenesta meiner det er viktig at skolens leiing deltar i desse drøftingane, slik at ein ser saker i ein heilskap og at det ikkje blir den enkelte lærars private utfordring å finne gode løysingar innan ordinær opplæring.

PPT skal delta i administrative og faglege systemtiltak.

*Eks: Forum for utdanning (omfattar barnehage, gr.skole og VGO), andre møte i kommunane.*

**Vurdering:** Forum for utdanning er den staden der leiar av PPT regelmessig møter representantar for skolane i kommunane og er såleis ein viktig arena for utveksling av informasjon og drøftingar. PPT opplever nå samarbeidet stadig meir nyttig.

### Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 1

PPT skal ha faste kontaktpersonar på dei vidaregåande skolane. Gjennom kontaktpersonordninga skal PPT halde nær kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngått samarbeidsavtale.

*Jmf. Tiltaksplan vgo, gjeld Telemark fylkeskommune,*

*egne samarbeidsavtaler med private skoler. Rutinar og organisering blir drøfta regelmessig i t-råd.*

**Vurdering:** Samarbeid er gjennomført i tråd med gjeldande avtale og møteplan.

Samarbeid i T-råd fungerer godt.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar, lærlingar og lære kandidatlar med særskilte behov.

*Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar. Jmf.*

*Årshjul for gjennomgåande PP-teneste*

*Eks: Regional samling*

**Vurdering:** Det er og gjennomført drøftingar på klassenivå i etterkant av kartlegging.

Regional samling om inntak til vidaregåande skole på særskild grunnlag er årvisst. Samlinga gir informasjon om temaet til rådgivarar i grunnskole og vidaregåande skole. For tredje år på rad vart samlinga til i samarbeid med Midt-Telemark PPT. Årets samling var i Tokke kulturhus og Vest-Telemark vidaregåande skole. Tilbakemeldingane er hovudsakleg positive.

PPT skal i utgreiing og rådgiving knytt til enkeltsaker trekke inn og belyse korleis systemfaktorar påverkar den enkelte elev og korleis endringar i desse faktorane kan medverke til positive utvikling for eleven evt. også innanfor ordinær opplæring.

**Vurdering:** Dette er ein del av utgreiings- og rådgivingsarbeidet som vi vurderer som svært viktig for om mulig å få til ordningar innan ordinær opplæring, men også for å kunne vurdere om det er behov for spesialundervisning.

Temaet er utfordrande både for skole og PP-teneste, då det grip inn i vande tankemønster omkring korleis ein kan legge til rette for elevar som har utfordringar i skolen.

PP-tenesta meiner det er viktig at skolens leiing deltar i desse drøftingane, slik at ein ser saker i ein heilskap og at det ikkje blir den enkelte lærars private utfordring å finne gode løysingar innan ordinær opplæring.

PPT skal gjennom rådgiving bidra med kompetanse både for å førebyggje og å avhjelpe vanskar på område som er aktuelle for elevar og lærlingar med særskilde behov.

**Vurdering:** Det er gjennomført enkeltstående forelesingar om språkvanskar og mattevanskar på førespøring frå ein av skolane.

PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til.

*Jmf. Tiltaksplan vgo*

**Vurdering:** Det er gjennomført færre møter mellom Telemark fylkeskommunes sentraladministrasjon og PPT i 2011.

PPT deltek på T-leiarsamlingane. Samlingane er nyttige sett i høve til å halde seg orientert, og til å få belyst og drøfta aktuelle tema rundt arbeidet med spesialundervisning i vgo.

PPT skal samarbeide med dei tre andre PPT-kontora i fylket som dekker dei vidaregåande skolane for å utvikle ein eins praksis overfor skolane.

Nettverketsmøte inntil fire g. pr. år

**Vurdering:** Møta er gjennomført etter vedtatt møteplan. Praksisnære problemstillingar blir tatt opp. VT-PPT meiner desse samlingane fungerer svært godt og er nyttige.

## Delmål 2

PPT skal medverke til å avdekke og avhjelpe vanskar hos førskolebarn og der igjennom førebygge vanskar med tanke på seinare opplæring.

### Tiltak knytt til Delmål 2

PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane som samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for systemretta arbeid i barnehage".

*Retningslinjene fokusere på førebyggjande arbeid, kompetansehevingstiltak og organisasjonsutvikling.*

**Vurdering:** Møta er gjennomført etter møteplan fastlagt i kvar kommune. Møtefrekvensen blei hausten 2011 justert noko ned som følgje av reduksjon i bemanninga og stor pågang av tilmeldingar av enkeltsaker.

Nettverka er ein viktig arena for førtilmeldingsarbeid. Saker blir drøfta og mulige løysingar innan barnehagens ordinære drift blir vurdert og gitt råd om der ein ser at dette kan bli ei tilfredsstillande løysing. Tiltak blir så prøvd ut i barnehagen og det blir vidare rapportert til nettverket om korleis tiltaka har fungert. Der det etter dette er trong for ytterlegare utgreiing blir saka tilmeld PPT.

I St.meld. 18 Læring og fellesskap presenterar departementet tre strategiar for korleis opplæringa for barn, unge og vaksne kan forbeholdast. Fange opp -følgje opp er den første. Barnehagens viktige rolle i barns opplæringsløp blir belyst. Det tette samarbeidet PPT har med barnehagane gjennom dei kommunale nettverka er med på å løfte kompetansen på feltet, og kan

<p>bidra til at barn som har behov for ekstra hjelp og støtte, får tidleg og god hjelp.</p>
<p>PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å legge til rette for barn med særskilde behov.</p> <p><b>Vurdering:</b> Det blir årlig valt fokusområde som blir belyst gjennom føreløsingar, rettleing og drøftingar. Tema som er belyst i år:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Minoritetsspråkleg,</li> <li>• Mobbing i barnehagen</li> <li>• Trass</li> <li>• Barn som utfordrar dei vaksne mht grenser og autoritet,</li> <li>• Konflikthandtering</li> <li>• Barn med lite sjølvkontroll/ eksplosive barn</li> <li>• Barns seksualitet( i samarbeid med interkommunal psykolog)</li> <li>• Rettleiing med utgangspunkt i case</li> </ul>
<p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organisering av tiltak for barn med særskilde behov.</p> <p><b>Vurdering:</b> Ulike sider ved praksis blir jamleg drøfta og jobba med som eksempel kan nemnast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tidleg innsats- Kvifor melder barnehagen flest barn først i overgangen til skole.</li> <li>• Mobbeplan - handlingsplan for å avdekke, førebyggje og handtere mobbing.</li> </ul>
<p>PPT vil medverke til å skape gode overgangar mellom barnehage og skole for barn med særlege behov.</p> <p><b>Vurdering:</b> : Å skape gode overgangar for barn er svært viktig for at barnet skal bli førebudd på det som ventar dei, likeeins er det av viktig at skolen får tilstekteleg kunnskap om barnet for å kunne legge til rette for ein god skolestart og framtidig vellukka opplæring. Dette er eit viktig tema som med jamne mellomrom blir drøfta i nettveka. Fleire kommunar har laga planar for overgangar, noko vi meiner er verdifullt.</p>
<p>PPT skal delta i Språknettverket i Vest-Telemark.</p> <p><b>Vurdering:</b> Ein tilsett deltek i språknettverket. Dette er ein nyttig arena for deling av kompetanse for tilsette i kommunane, som har ein særleg oppgåve i å jobbe for å førebyggje og avhjelpe språkvanskar.</p>

<p><b>Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2</b></p>
<p>PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Dette for å bidra til at barn og deira familiar skal få heilskapleg og koordinert hjelp til rett tid. Eks: Deltaking i prosjektet "Krafttak for kompetanse i Vest-Telemark", Tverrfaglege team oa.</p> <p><b>Vurdering:</b> Det er utviklet ein plan for arbeidet i Kompetansenettveket.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hovudformålet med kompetanseplanen er:</li> </ul> <p><i>"Å styrke kunnskapsgrunnlaget innanfor den offentlige tjenesten i Vest-Telemark som har befatning med utsatte barn og unge."</i></p>

På bakgrunn av litteraturgjennomgangen og kartlegging av kompetansebehovet, har planen følgende delmål (forslag):

- Betre samhandlinga mellom statlige og kommunale spesialisttenester med ansvar for utsette barn og unge
- Utvikle kompetansen i dei ulike tenestene
- Utvikle kompetanse om kvarandre sine tenester
- Spreie kompetanse om utsette barn og unge til spesialisttenestenes samarbeidspartnarar
- Bidra til å utvikle system for betre samhandling mellom offentlige tenester som gir tilbod til utsette barn og unge.

Våren 2011 blei det arrangert eit seminar om utsette barn og unge i Vest-Telemark. Seminaret er eit tiltak som inngår i ein kompetanseplan for utsette barn og unge i Vest-Telemark.

På seminaret deltok representantar for barnevernet, PPT, interkommunal psykologteneste i Vest-Telemark, Vest-Telemark barne-, ungdoms- og familiesenter (Bufetat) og Familievernkontoret.

Hovudformålet med seminaret var å styrke *kunnskapsgrunnlaget om kvarandre sine tenestar* med tanke på å utvikle samarbeidet mellom dei. Ein viktig føresetnad for samarbeid i praksis, er at tenestene kjenner til kvarandre sine roller, ansvar og ikkje minst avgrensingar. Kunnskapen om dei respektive tenestene omfattar, både formelle roller og formelt ansvaret, men også kunnskap om korleis tenestene opererer i den praktiske kvardagen. Det siste gjeld bl.a. tenestenes oppfatning av eigen rolle, praktisk handtering av saker og ikkje minst korleis ein avgrensar oppgåvene i forhold til omverda.

Seminaret var vellykka.

Leiargruppa jobbar nå vidare for å få til ein felles kursdag om arbeid i ansvarsgrupper.

Vest-Telemark PPT har eit fast medlem i Nasjonalt nettverk for tidleg innsats, Britt Ellen Omtveit. Nettverket har samling ein gong pr år. Sørlandet kompetansesenter har tatt initiativ og er vertskap for nettverket. Nettverket har representanter frå alle landsdelar og er tverrfagleg samansett.

PPT vil gi informasjon til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside.

**Vurdering:** Hausten 2011 måtte heimesida vår leggest ned pga. virus. Det blir jobba for å få til ny heimeside, denne vil komme på plass jan 2012.



## Fokusområde: Individretta arbeid

### Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

#### Tiltak knytt til Delmål 3

Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med Utdanningsdirektoratets rettleiar og interne retningslinjer for arbeidet

**Vurdering:** Utdanningsdirektoratets rettleiar gir retningslinjer for PPTs saksbehandling. Den seier mellom anna at PP-tenesta ikkje har anledning til å ha ventelister og at saksbehandlingstida i saker som omhandlar spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning ikkje skal overstige 3 mnd. Desse krava klarar vi ikkje å følgje. Vi har ei ventetid på inntil 5-6 mnd før saksbehandling kan starte. Med behandlingstid hos saksbehandlar kan saksbehandlingstida bli tenesta 7 -8 mnd for svært mange sakar.

#### Tilmeldingar til PP-tenesta

År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt
2011	163	75	238
2010	142	66	208
2009	177	47	224
2008	148		
2007	128		
2006	130		
2005	122		
2004	111		

Det er meldt 238 saker til PP-tenesta i år, dette representerer ei auke på 14,4 % i forhold til 2010 og er også ei auke på 6.25 % i forhold til 2009 som til da var eit "toppår" når det gjeld tilmeldingar.

I 2009 blei kapasiteten mellombels styrka med ein tilsett for å møte den store auken i tilmeldingar. Denne styrkinga blei avslutta i juni 2011.

I tillegg til nytilmelde saker er det rundt 110 "gamle" (tidlegare melde) saker som også er aktive og der PP-tenesta bidreg med rettleiing og utgreiing. Dette er sakar som er særleg omfattande og utfordrande for barnehagar og skolar.

I 2011 er det gjennomført 206 sakkunnige vurderingar.

**Alder for tilmelding til PP-tenesta Opplysningane under gjeld førstegangstilmeldingar.**

Tala kan samanliknast med tal frå tidlegare år.

<b>Alder</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>
	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>
0-2 år	4	3	5	5	5
3-5 år	16	21	17	12	12
6-9 år	27	25	25	27	17
10-12 år	15	20	18	12	16
13-15 år	21	15	15	22	29
16-18 år	5	9	11	10	14
19 - år	11	8	7	12	7

Med St.meld. nr. 16 (2006-2007) introduserte departementet "tidleg innsats" som strategi. Vanskar skal oppdagast og nødvendige tiltak settast inn tidleg i utdanningsløpet, elevar med særlege behov skal få hjelp raskt. For Vest-Telemark viser tala at tilmeldinga er størst i ungdomsskolealder. Dette kan tyde på at det kanskje ikkje er tilstrekkeleg god kvalitet i dei skoleinterne systema.

**Type vanskar som er melde**

<b>Vanskar</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>
	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>
Hørselshemma	0	1	1	0	1
Generelle lærevanskar	1	2	6	7	4
Samansette vanskar	2	1	3	1	2
Medisinske vanskar	2	2	3	3	2
Språkvanskar	27	18	33	27	29
Lese- og skrivevanskar	28	26	20	27	25
Matematikkvanskar	2	3	3	2	4
Sosiale- og emosjonelle vanskar	29	34	21	28	31
Utsett skolestart	2	1	1	1	0
Prematur	0	0	0	0	0
Anna	8	9	8	4	2

Som tidlegare år meldes det flest saker av typen språkvanskar, lese- og skrivevanskar og sosiale- og emosjonelle vanskar.

**Prosentvis nytilmeldingar til PPT**

<b>Kommune</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>	<b>%</b>
	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>
Fyresdal	9	9	11	8	12
Kviteseid	13	23	16	27	17
Nissedal	13	9	13	7	9
Seljord	18	12	19	14	12

Tokke	20	10	14	9	13
Vinje	24	30	19	25	25
Telemark fylkeskommune	4	7	9	9	12

PPT skal gi informasjon til føresette, barnehage og skole om korleis den sakkunnige vurderinga er tenkt gjennomført og når sakkunnig vurdering er forventa ferdig. Utgreiingsplanleggjar skal nyttast.

**Vurdering:** Utgreiingsplanleggaren har vist seg å bli svært godt mottatt av føresette og andre samarbeidspartar. Den har også vist seg å være eit godt hjelpemiddel for rådgivarane for å systematisere arbeidet. Det er tross dette sakshandsamarar som ikkje har klart å gjere bruken av denne til ei rutine.

Sakshandsamar sitt arbeid med sakkunnig vurdering skal gjennomføres i løpet av ein periode på ca. 9 veker.

**Vurdering:** Det kjem fram i Rettleiaren for spesialundervisning, at om den totale behandlingstida overskrider 3 månader, frå tilmelding til vedtak blir gjort, er dette forlang sakbehandlingstid. Ut frå dette er det stipulert ei behandlingstid hos PP-tenesta på 9 veker. Saksbehandlarane prøver å halde seg innanfor denne fristen, men også her er det svært ofte avvik.

PPT vil gjennom sakkunnig vurdering og tilbakemelding etter utgreiing gi råd om korleis opplæringa best kan tilretteleggast. Individsaker vil til vanleg bli avslutta etter dette jf. interne retningslinjer for individsaker. Ved behov kan rådgjeving om tilrettelegging avtalast. Ein plan for rådgjevinga skal ligge føre og godkjennast av leiar.

**Vurdering:** PPT får tilbakemeldingar om at kvaliteten på dei sakkunnige vurderingane er gode med omsyn til å gi råd om korleis god opplæring kan leggast til rette. Foreldre deltek i samarbeidet og rettleiinga som blir gitt underveg i prosessen og blir slik godt orienterte. Saker under utgreiing i 2. og 3. linje blir haldne aktive til denne utgreiinga er avslutta. Også saker i overgang til vidaregåande opplæring blir haldne aktive. Vidare rådgiving bør så langt råd være målretta og organiserast som eit systemretta arbeid.

PPT skal gjennom samarbeid med andre etatar, og samarbeid med det medisinske og pedagogiske støttesystemet bidra til at barn, unge og vaksne med særskilte behov får eit heilskapleg tilbod av fagleg god kvalitet.

**Vurdering:** PPT samarbeidar med andre etatar fek. i ansvarsgrupper så lenge ein sak er aktiv hos oss. Vi meiner det er behov for at møta vert meir effektive og målretta. Vi samarbeidar også med medisinsk og pedagogisk støttesystem i saker ved behov for ytterlegare utgreiing eller rettleiing.

PPT skal ved behov kunne bistå kommunane med rettleiing til føresette etter § 5-7.

*Gjeld rettleiing omkring barn i ein tidleg fase og som er født med eller tidleg har erverva funksjonshemming.*

**Vurdering:** Blir stort sett praktisert gjennom felles møtepunkt mellom heim, bhg og PPT. Rettleiing gitt i forhold til barn med ekstremt premature barn og barn m/epilepsi.

PPT skal vere sakkunnig instans for vaksne som kan ha behov for spesialundervisning.

**Vurdering:** Det er ein avgrensa mengde med slike saker, ikkje desto mindre er det viktig for dei det gjeld å få vurdert hjelpebehovet og å få nødvendig rettleiing.

## Fokusområde: Internt arbeid

### Delmål 4

PPT skal vere ein lærande organisasjon som vidareutviklar sine strategiar for utføring av PP-tenesta sine oppgåver.

#### Tiltak knytt til Delmål 4

PPT skal fortløpande gjennomføre refleksjon over og evaluering av eigen praksis, intern og ekstern organisering av arbeidet.

*I fagmøte og trinnteama.*

**Vurdering:** Kvart år i samband med årsmelding og ny verksemdsplan blir det gjennomført ei felles evaluering. Systematisk refleksjon over praksis er og gjennomført på området sakkunnig vurdering (jf. neste punkt).

PPT vil rette fokus mot kvalitetssikring av sakkunnig vurdering.(Omfang av utgreiinga, den skriftlege utdjuping og omfangstilråding).

**Vurdering:** Arbeidet starta opp hausten 2011 og vil også bli vidareført våren 2012.

PPT vil revidere interne retningslinjer for arbeidet samt samarbeidsavtalen for kontaktpersonordninga.

**Vurdering:** Nye retningslinjer er laga og presenterte for styret. Mal for samarbeidsavtale vart justert hausten 2011.

PPT vil gjennomgå og gjere eventuelle nødvendige justeringar av heimesida.

**Vurdering:** Virus gjorde det nødvendig å legge ned den heimesida vi hadde. Ny side er under arbeid. Vi har inngått samarbeid ved VTNU og vil få ny heimeside under Vest-Telemarkportalen

## Delmål 5

PPT skal utvikle sin kompetanse for betre å kunne gi brukarane nødvendig hjelp.

### Tiltak knytt til Delmål 5

PPT skal gjennom opplæring, kurs og ekskursjonar oppdatere seg fagleg på ulike vanskeområde, ulike kartleggingsverktøy og testar, samt innan fagområdet rådgiving.

**Vurdering:** Tilsette har deltatt på:

- kurs som gjeld kartlegging og testing (CAS, ASEBA og Bayley|||)
- opplæring i bruk av Zippys venner(førebyggjande arbeid psykisk helse).
- deltatt på kurs om tilknytningsforstyrning, mobbing og premature barn.
- Tidleg innsats ved Sue Buckley(omhandla språk-, lese- og skriveopplæring for barn med store språkvanskar)
- Nordisk kongress om barn og språk("Observasjon og tiltak hånd i hånd i barnehage og skole")

Ein tilsett fullfører eit treårig masterstudie i spesialpedagogikk skoleåret 2011/12 ved høgskolen i Sogn og Fjordane. Ein tilsett tar eit års PP-klinisk vidareutdanning i regi av Pedverket kompetanse og Høgskolen på Lillehammer. To tar utdanning i Marte Meo rettleiing i regi av BUP Notodden

PPT vil vidareføre sin faglege fordjuping innan området "Helhetlig læringsmiljø" med særleg vekt på tema forventningar, klasseleiing, mobbing, leiing og endringsarbeid.

**Vurdering:** Er gjennomført med unntak av leiing og endringsarbeid som vi vil komme tilbake til haust 2012.

## 5. Driftsrekneskap 2011

Inntekter 2011	Utgifter 2011	Resultat 2011	Revidert budsjett 2011
6 363 231	6 516 427	- 240 959	6 317 249

### 5.1 Awik

Inntektene er på kr. 45 982, - større enn budsjettet. Dette skyldast i hovudsak renteinntekter større enn berekna kr. 22 268, ref frå Telemark fylkeskommune større en berekna kr 6439.- og innkomne sjukepengar kr 18 299.-

### 5.2 Prioriterte oppgåver

For å møte den store etterspørselen av tenester frå PP-tenesta, er det er prioritert å opprette ei 100 % engasjementstilling fram til 01.07.11. Kostnadane knytt til dette kr. 321 994,- er finansiert gjennom disposisjonsfond.

### 5.3 Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 240 959.-

Det er ei underdekning i investeringsrekneskapen på kr. 22 767,-.

Mindreforbruk til disposisjon er kr. 218 192.85.

## 6. Oppsummering

Opplæringslova understrekar PP-tenestas tosidige arbeidsoppdrag. Tenesta skal både sørge for at det blir utarbeida sakkunnig vurdering når lova krev det, og tenesta skal hjelpe skolen med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa til rette for elevar med særlege behov. Sistnemnde oppgåve er ofte omtala som systemretta arbeid. Oppdraga er sidestilte, det betyr at ein ikkje kan utelate eitt av dei.

Politiske føringar i dei seinare åra, gitt i St.meld nr.30( 2003- 2004) Kultur for læring og St. meld. 18 (2010-2011) Læring og fellesskap, går i retning av at barn og unge skal få tidleg hjelp og at hjelpa skal så langt råd er skal givast innanfor rammene av ordinær opplæring.

Meldingane tar til orde for ei PP-teneste som er tilgjengeleg og nær, som kan arbeide førebyggjande og som kan medvirke til tidleg innsats i barnehage og skole.

Det er eit mål at det skal brukast mindre tid til arbeid med sakkunnig vurdering og meir tid til systemretta arbeid.

Det er i denne årsmeldinga gjort greie for korleis Vest-Telemark PPT arbeider systemretta og med sakkunnig vurdering. PP-tenesta har i 2011 sett seg nøydd til å redusere omfanget av systemretta tiltak. Dette pga den stadige auken av tilmeldingar av enkeltsaker for sakkunnig vurdering. Venteliste og saksbehandlingstid aukar.

Vest-Telemark PPT hadde i 2011 den største tilmeldinga nokon gong og nyttar ressursane i stor grad til arbeid med sakkunnig vurdering. Ei vesentlig utfordring vil ver i å redusere tilmeldingane til PP-tenesta og frigjere kapasitet slik at PP-tenesta kan arbeide tettare på skolar og barnehagar. Dette er ei utfordring som ikkje kan nåas utan at det blir jobba bevisst og systematisk i kvar kommune for å redusere tilmeldingane.

Dette ser også departementet. I St. meld. 18 vert det tatt til orde for at skoleeiers/skolens plikt til å vurdere om eleven kan få eit tilfredstillande utbytte av opplæringa innanfor det ordinær opplæringstilbodet skal uttrykkast eksplisitt i lova.

Vest-Telemark PPT opplever i dag store utfordringar i å imøtekomme lovpålagte oppgåver og politiske føringar. St.meld. 18. Læring og fellesskap (2010-2011) peikar på at PP-tenesta har eit kapasitetsproblem, dette gjeld i stor grad også for Vest-Telemark PPT. I 2011 har sakshandsamingtida i tenesta auka ytterligare. Føresette, barnehage, skolar og PP-tenesta er fortvila over den lange tida det tek å få hjelp frå tenesta. Barna med store utfordringar får ikkje hjelp før etter lang tid.

Forsking tyder på at når barnehage og skole ikkje er nøgde med hjelpa frå PP-tenesta, synes det meir knytt til kapasitet enn kompetanse. St.meld. 18 peikar på at kommunar og fylkeskommunar bør bygge ut PP-tenesta slik at tenesta kommer tettare på barnehagar og skolar.

